



## Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:  
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:  
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:  
20/25073-16

Dykkar referanse:  
10204642-RIA-RAP-  
001

Vår dato:  
16.02.2021

### **Førespurnad om trekking av motsegn – Ny avgrensa høyring av Områdeplan Ostereidet – Sak 2012584– PlanID 1263–201802– Alver kommune**

Vi viser til brev frå Alver kommune dagsett 27.01.2021. Saka gjeld ny avgrensa høyring av Områdeplan for Ostereidet PlanID 1263–201802 med førespurnad om trekking av motsegn.

#### **Sakshistorikk**

Statens vegvesen fremja motsegn mot reguleringsplanen i brev av 29.07.2019. Etter dette vart det halde dialogmøte med Statsforvaltaren i Vestland (tidlegare Fylkesmannen) den 20.08.2019, der dei ulike dialogpunktene vart presentert og diskutert. I samordna uttale med motsegn, (brev dagsett Statsforvaltaren 04.06.2019) er Statens vegvesen sine motsegn oppsummert til å gjelde følgjande tema:

- Utforming av høgresvingefelt frå Ev.39
- Rekkefølgjekravet om bygging av høgresvingefelt og kryssutbetring
- Rekkefølgjekravet om fortau langs Fv. 393
- Byggjegrænse mot Ev.39 og Fv. 393

Etter dette har det vore ein omfattande dialog med kommune og plankonsulent. Det er i høyringsbrevet frå Alver kommune vist til Statens vegvesen si uttale til avgrensa høyring av områdeplan Ostereidet, dagsett 08.09.2020, der motsegn ikkje vart trekt. Vestland fylkeskommune si uttale datert 09.09.2020 som støtta innhaldet i brevet frå Statens vegvesen og Statsforvaltaren i Vestland har i si uttale dagsett 10.09.2020 der kommunen vart beden om å rette opp planen på tema, støy, plankrav og universell utforming.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

I møte 10.12.2020 med Statens vegvesen, Statsforvaltaren i Vestland og Vestland fylkeskommune, vart ytterlegare endringar av planforslaget presentert og drøfta. Det var i dette møtet stort sett semje om dei ulike løysingane. Vegvesenet er på bakgrunn av nytt revidert planframlegg bedt om å trekkje motsegna i saka.

### **Vurdering**

Statens vegvesen har vurdert revidert planframlegg i høve til våre motsegner:

#### Utforming av høgresvingfelt/kryssutbetring

Ulike løysingar har vore drøfta i denne saka og Staten vegvesen har i brev av 09.09.2020 sagt at vi prinsipielt kan stille oss bak framlegget til kryssløysing slik den no går fram av plankart og teikningar. Vi hadde likevel merknad til at parkeringsplass i kryssområdet låg for nær Ev.39. Parkeringsplass SPA3 er i revidert planframlegg tatt ut av planen og arealet er regulert til anna veggrunn – grøntareal, SVG. Det vart i møte den 10.12.2020 avklart at det ikkje er naudsynt å regulere mellombels byggje- og anleggsbelte i areal avsett til samferdsleformål.

Vi kan ikkje sjå at materiellet vi har mottatt i samband med avgrensa høyring inneheld C-teikning som gjer det mogeleg for oss å gjere ei sluttvurdering av krysset med riksveg. Nytt kryss på Ev.39 skal planleggast i samsvar med gjeldande vegnormal N100. Til dømes må teikninga vise at venstresvingfeltet på Ev. 39 og siktilhøva er dimensjonert i høve til dagens krav. I den grad ein ikkje klarar å oppfylle krava i N100 må det søkast om fråvik. Eventuelle fråvik må være akseptert av vegeigar før Statens vegvesen kan trekkje motsegna på dette punktet.

Før arbeid med knytt til Ev. 39 kan setjast i gang, skal byggeplan vere godkjent av Statens vegvesen og det må vere inngått ein gjennomføringsavtale mellom vegvesenet og tiltakshavar.

Statens vegvesen si motsegn knytt til kryssutbetring er ikkje løyst på dette punktet.

#### Rekkefølgekrav til opparbeiding av kryssområde Ev. 39/Fv.

Statens vegvesen har motsegn til at nytt kryss med Ev.39 må være opparbeida før utbygging som gjev trafikkvekst. Alle byggjeområde unntatt idrettshall i felt o\_BU har no med seg rekkefølgekrav til opparbeiding av nytt kryssområde. Dette er i samsvar med det som vart akseptert i dialogmøte den 20.08.2019. Vi meiner at føresegnene likevel må justerast. Rekkefølgekrava viser gjennomgåande til O\_SKV2 når det er meint opparbeiding av krysset. Her må føresegnene presiserast ved at det i staden vert vist til krav til opparbeiding av kryssområdet O\_SKV1/SKV2.

Statens vegvesen har i tidlegare tilbakemeldingar til kommunen rådd til at rekkefølgekravet til utbetringa av kryss Ev. 39 vert knytt opp til igangsetjingsløyve. I revidert planframlegg er rekkefølgekravet framleis knytt til bruksløyve for dei ulike tiltaka. Vi saknar ei grunngjeving med omsyn til kva vurderingar som er ligg til grunn for dette valet og kvifor ein meiner at dette representerer eit forsvarleg plangrep.

I ROS analyse er det peikt på at det har vore fleire trafikkulykker ved krysset Ev. 39, der ei av dei medførte alvorleg skade. Oppsummering av risiko for Menneske (liv og helse) viser at risikoen for trafikkulukker er identifisert som alvorleg og mykje sannsynleg. Utbetring av krysset frå E39 mot Ostereidet er identifisert som eit tiltak som vil redusere sannsynet for ei slik hending ved avkøyning mot planområdet. Statens vegvesen peiker på at også anleggstrafikk knytt til utbygging av planområdet vil representere trafikkvekst i den perioden arbeidet skal avviklast.

Også med omsyn til finansiering av tiltaket går det av planskildringa ikkje tilstrekkeleg fram kva vurderingar som ligg til grunn når ein vel å knyte rekkefølgekravet til kryssutbetring opp til bruksløyve. I denne saka har det gjennomgåande vore fremja som argument frå plankonsulent si side at Statens vegvesen sitt krav til utbetring av kryss Ev.39 opplevast som tyngande og at dette i verste fall kan føre til at planen ikkje lar seg realisere. Det kan ikkje påreknast at Statens vegvesen vil akseptere at det vert gjeve dispensasjon frå kravet til opparbeiding dersom det viser seg at finansiering ikkje er på plass når dei første bustadane står ferdig. Dette vil kunne skape ein vanskeleg og lite føreseieleg situasjon for utbyggjar. Med mindre det no ligg føre konkrete planar for finansieringa er dette et punkt Alver kommune må vurdere nøye i plansaka.

Det er framleis Statens vegvesen si faglege tilråding at kravet til kryssutbetring vert knytt til igangsetjingsløyve, ikkje bruksløyve. Uavhengig av kva kommunen kjem fram til vil vi formelt kunne trekkje motsegna vår på dette punktet, når føresegnene er presisert slik at dei viser til opparbeiding av kryssområdet O\_SKV1 /SKV2.

#### Rekkefølgekrav om fortau langs Fv.5456 Eidavegen.

Statens vegvesen har motsegn knytt til opparbeiding av fortau langs Eidavegen (fylkesveg og kommunal veg.) I revidert planframlegg er rekkefølgekravet i føresegnene pkt. 7.1 knytt til igangsetjingsløyve for alle formål for bustader. I møte den 10.12.2020 var det semje om at rekkefølgekravet berre vert stilt til nye tiltak, slik at det for Eidavegen berre vil vere rekkefølgekrav til den fylkeskommunale delen, SKV6, og ikkje SKV9 der det i dag er etablert eit fortau.

Krav til opparbeiding av O\_SKV 6 med fortau for felt o\_BU er i rekkefølgekrava knytt til igangsetjingsløyve.

*Pkt. 7.1 : Følgjande titak/utgreiing må vere gjennomført før igangsetjingsløyve kan gjevast:*

**BU** «O\_SKV6 med fortau der det er vist på plankartet. **Vert utløyst ved søknad om nye tiltak som gjev auka trafikk.**» (vår utheving).

Kva som er tiltak som gjev auka trafikk vart drøfta i møte den 10.12.2020. Innanfor o\_BU ligg dagens skule, idrettsbane mm. I møtet var det semje om at tiltak på eksisterande bygningsmasse som fasadeendring, mindre tilbygg etc. kan gjerast utan at dette utløyser rekkefølgekrav så lenge tiltaka ikkje medfører auke i elevtalet ved skulen.

Ny idrettshall i felt o\_BU er i rekkefølgekrava pkt. 7.2 unntatt kravet til utbetring av kryss o\_SKV2. I referatet frå dialogmøte hos Statsforvaltaren går det fram at *«kommunen meinte at rekkefølgekrav knytt til idrettshallen ikkje burde vore naudsynt fordi dei meiner at den ikkje vil generere auka trafikk inn og ut av området fordi færre vil pendle til Knarvik.»*

Statens vegvesen aksepterte i dialogmøte at idrettshallen kan byggjast utan rekkefølgekrav til kryssutbetring. Når det gjeld kravet om fortau langs Fv. 5456 Eidavegen heiter det i referatet:

*«Statens vegvesen meiner det må stillast rekkefølgekrav om opparbeiding av fortau langs fv. 393 for alle tiltak i planområdet som gir auka transportbehov på strekninga. Statens vegvesen meiner det minimum må knytast til alle nye bustadområde, sentrumsområde og idrettshall. Det er like relevant å sikre trygg gangveg til skule og idrettsplass for bebuarar i sentrumsområdet, som å sikre trygg gangveg til sentrum og kollektivtilbod for dei som bur nær skulen. Det var semje om dette.»*

Ettersom ei oppfatning om ingen auke i trafikken inn og ut frå området er lagt til grunn for unntaket som er akseptert for felt o\_BU i høve til krav om opparbeiding av krysset E39, føresegnene pkt. 7.2 meiner vi føresegna i pkt. 7.1 som gjeld O\_SKV6 fort kan mistolkast slik den er utforma no. Føresegna må presiserast slik at det ikkje kan vere tvil om at ny idrettshall utløyer rekkefølgekravet til opparbeiding av O\_SKV6 før igangsetjingsløyve, gjerne med døme på kva tiltak ein tenkjer at skal vere unntatt (fasadeendring, mindre tilbygg etc.)

Statens vegvesen si motsegn er ikkje løyst på dette punktet.

#### Byggegrense mot Ev. 39 og Fv. 5456


Statens vegvesen hadde ved offentlig ettersyn av planframlegget motsegn til at byggegrensa langs Ev. 39 og Fv. 5456 i hovudsak var sett i formålsgrensa til utbyggingsområda. Byggegrense er i revidert plankart vist 30 meter frå Ev. 39 og 15 meter frå fylkesveg. Motsegna vår er løyst på dette punktet.

#### Øvrige merknader:

- Støyskjerm

For å oppnå gode støytilhøve på leikeareal og bustadfelt sørvest i planområdet må det plasserast ein støyskjerm. Støyskjerm er innteikna i plankartet og Alver kommune har den 21.01.2021 oversendt kart og tverrprofilar som viser plassering av denne. I forslaget er det brukt skilta hastigheit på 70 km/t i dimensjoneringsgrunnlaget. Dette er eit hastighetsnivå som i si tid vart sett på grunn av fleire alvorlege ulukker på strekninga. Før dette hadde vegen generell hastigheit 80 km/t som det er sannsynleg at ein kjem tilbake til den dagen risikonivået på grunn av pågåande tiltak vert valt på nytt. Ut frå kravet i handbøkene skal sikt lengda aukast til 115 meter pluss eventuelt

tillegg for fall, ikkje 90 meter slik planane tek utgangspunkt i. Støyskjerm må flyttast lenger vekk frå Ev. 39 for å få stoppsikt på 115 meter (80 km/t).



Statens vegvesen peiker også på at det er et kryssingspunkt mellom pel nr. 100 og 200, for de som bur på Ostereidet og nyttar turområdet rundt Eidaåsen/ og til Totlandsåsen. Det er viktig at siktilhøva vert oppretthaldt på denne strekninga, som ligg rett utanfor planlagt støyskjerm.

### Oppsummering

Revidert planframlegg imøtekjem i stor grad Statens vegvesen sine motsegnspunkt i saka men det er framleis behov for tilleggskommunikasjon og mindre justeringar av føresegnene. Dette gjeld:

- Det må leverast C-teikning som viser at kryssområdet er planlagt i samsvar med gjeldande vegnormal, handbok N100. Eventuelle fråvik skal vere akseptert av vegeigar før Statens vegvesen kan trekkje motsegna i saka.
- Rekkefølgjekrav til opparbeiding av krysset Ev. 39 må presiserast slik at det gjennomgåande vert vist til krav til opparbeiding av kryssområdet O\_SKV1/SKV2.
- Føresegnene pkt. 7.1 må presiserast nærare når det gjeld krav til opparbeiding av o\_SKV6 med fortau før det vert gjeve igangsetjingsløyve for idrettshall i område O\_BU.

Andre tilhøve:

Det er ikkje knytt motsegn til framlegg til plassering av støyskjerm, men vi ber om at plassering vert justert i høve til vår faglege vurdering og tilbakemelding.

Statens vegvesen kan ikkje trekkje motsegna til områdereguleringsplanen for Ostereidet før alle motsegnspunkt er løyst. Motsegna står ved lag. Vi rår til at det vert arbeida vidare med planen med grunnlag i dei vurderingane vi har gjort ovanfor.

Transport vest, Transportforvaltning  
Med helsing

Frode Moen Aarland  
seksjonsleiar

Ingelin Garen  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

Statsforvaltaren i Vestland, Statens hus Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER  
VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG BERGEN, Postboks 7900, 5020  
BERGEN